



**GULATING
LAGMANNSRETT**

Årsmelding 2015



Foto: HUNDVEN-CLEMENTS_PHOTOGRAPHY

Frå førstelagmannen	2
Saksavviklinga 2015	4
Sivile ankesaker	4
Straffesakene.....	6
Farvel til jordskifteoverretten og på gjensyn.....	9
Direkte fra retten i 113 dager.....	11
Kompetanseutvikling i 2015	13
Vitnestøtter aukar rettstryggleiken. Et trygt vitne er eit godt vitne!.....	17
Ny juridisk utgreiingseining i Gulating lagmannsrett	19
Gulating lagdøme	21
Kart over lagdømet:.....	22
Organiseringa av Gulating lagmannsrett.....	24

GULATING LAGMANNSRETT
 Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen
 Besøksadresse: Gulatings plass 1
 Telefon sentralbord + 47 55 69 39 00
 Telefaks + 47 55 69 39 01
 Heimeside: www.domstol.no/gulating
 e-post: gulating@domstol.no

Frå førstelagmannen



Foto Bjørn Erik Larsen

2015 var eit travelt år i Gulating lagmannsrett. I denne årsmeldinga kan du lesa om noko av det me har hatt fokus på.

Frå 1. januar 2016 gjekk jordskifteoverrettane inn i lagmannsrettane. I Gulating brukte me hausten til å førebu oss godt på samanslåinga. Vidare har me fått på plass ei utgreiareining med fem flinke utgreiarar. Målsetjinga er å frigjera tid for domarane til dømande verksemd og samstundes heva kvaliteten på det skriftlege arbeidet. Me har og starta opp eit omdøme- og serviceutviklingsarbeid og fått på plass ei vitnestøtteordning i samarbeid med Røde Kors. I tillegg har me lagt om kompetansearbeidet. Om dette og meir kan du lesa i denne årsmeldinga.

Kvalitet i domstolen er meir enn effektiv saksavvikling og høg produksjon av riktige avgjerder. Domstolen har kvalitet i verksemda si når domstolen løyser samfunnsoppdraget sitt i tråd med dei verdiane som gjeld for domstolen. Det inneber at domstolen må ha fokus på alle sider av verksemda si, ikkje berre effektiv saksavvikling. Mellom anna må domstolen vera open og tilgjengeleg og yta profesjonell og god service. Godt omdøme og høg tillit kjem ikkje av seg sjølv.

Domstolane er uavhengige og må sjølve definera kva som er høg kvalitet. Det inneber at domstolane kontinuerleg må modernisera og utvikla seg, men samstundes ta ansvar for å halda i hevd dei grunnleggande verdiane som domstolane si verksemd er tufta på. Utvikling og kvalitet er ikkje motsetningar. Tvert om krev det utvikling for å halda oppe kvaliteten når samfunnet endrar seg. Dette trur me på og arbeider mot i Gulating lagmannsrett.


Magni Elsheim
førstelagmann

Saksavviklinga 2015


I Årsmeldinga for 2014 konkluderte vi den tilsvarande tilsvarande bolken om saksavvikling med at 2014 hadde vore eit godt saksavviklingsår i denne lagmannsretten. Korleis har det gått i 2015? Vi byrjar sjølvsagt med det positive:

Sivile ankesaker


For første gong sidan 2007 nådde Gulating lagmannsrett måltalet for saksbehandlingstid når det gjeld anke over dom, som er 6 månader. Vi enda med eit resultat på 179 dagar, og det er vi godt nøgde med.



Vi avvikla 446 slike saker, som er det høgaste talet i 5-årsbolken i tabellen du finn i dette kapitlet. Tilfanget av nye saker var framleis høgt, men vi makta å redusera behaldninga med om lag 30 saker, til 188.



Når det gjeld anke over orskurd og vedtak har vi sett ny rekord i 2015! Vi fekk inn 351 nye saker, og avgjorde heile 375. Behaldninga blei arbeidd ned til 32 ved årsslutt. Aldri har lagmannsretten avgjort fleire slike saker, og vi har heller ikkje tatt imot så mange saker før.



Når vi har nådd så gode resultat for dei sivile ankesakene dette året, har det sjølvsagt fleire grunnar. Ein viktig grunn er at det blir arbeidd systematisk og målretta i Ankeutvalet med vurderinga av dei nye sakene når dei kjem inn: Skal denne anken over dom frå tingretten sleppa inn til full behandling i ankeinstansen – eller vurderer vi det slik at det er klårt at anken ikkje vil føra fram ? Viss sistnemnde vurdering gjer seg gjeldande, blir anken nekta fremma.

12% av anker over dom blei nekta fremma i Gulating i 2015, og vi er den ankedomstolen som ligg høgast på dette feltet. Det er og verd å merka seg at brorparten av ankene i barnevernsaker blir nekta fremma, om lag 80%.

Det er viktig å få fram at kvar ankesak blir vurdert grundig, og at når saken blir nekta fremma skjer dette som følge av ei konkret vurdering av tilhøva i saka. Der er altså ikkje slik at desse sakene ikkje er behandla i lagmannsretten – skilnaden er at behandlinga har skjedd skriftleg, og at konklusjonen blir at saka ikkje går vidare til munnleg ankeførehaving i lagmannsretten.

Aktiv bruk av rettsmekling medverkar og positivt til kortare behandlingstid for dei sivile ankesakene i denne domstolen. Om lag 50 saker blei mekla, og i over 90% av sakene nådde ein fram til forlik og dermed avgjerd i saka. Føremunen er kortare ventetid for partane, og lågare sakskostnader.

Når det gjeld anke over mellombels avgjerder i sivile saker, spelar utgreiarane ein vesentleg rolle i dette arbeidet. Frå august 2015 hadde vi 5 i arbeid, og dette har vore eit viktig bidrag til å kunna avvikla så mange saker i 2. halvår 2015.

Straffesakene

Her er stoda meir utfordrande ved inngangen til 2016. Imedan vi rapporterte gode resultat over heile straffesaksfronten i 2014, må vi innsjå at utviklinga i 2015 blei negativ når det gjeld behandlingstid og talet på avgjorte saker. Der Gulating i 2014 var best av lagmannsrettane på behandlingstid for fleire straffesakstypar, har vi sett aukande behandlingstid for alle straffesaker som blei henvist til ankeførehaving. For lagrettesakene var gjennomsnittleg behandlingstid 6.3 månader, og for bevisankane meddomsrett 7.8. Når måltalet for behandlingstid er 3 månader, kan vi ikkje vera nøgd med denne utviklinga.

Ein viktig grunn til at vi har avgjort langt færre saker i 2015 enn føregåande år er at vi hadde 2 svært langvarige meddomsrettssaker (økokrim) til behandling. Den eine ankeførehavinga starta i september 2014, og blei avslutta i månadsskiftet april/mai 2015. Deretter gjekk det lang tid med til domsskriving i denne saka. Den andre starta i oktober 2015, og blir ikkje avslutta før i mai 2016. I tillegg til dette hadde vi 2 andre langvarige økokrimsaker, som strakte seg over 6-7 veker i retten. Når 3 av våre dommarar i slike høve blir opptekne i månadsvis med 1 sak, er det klårt at det går ut over avviklinga for domstolen totalt sett.

Lyspunktet er at vi framleis har ei behaldning som er overkommeleg, den har ikkje auka mykje i 2015. Dette skuldast at sjølv om vi tok imot fleire ankesaker i 2015 enn året før, blei færre saker henvist til ankeførehaving. Det tyder at det blei arbeidd aktivt i Ankeutvalet med vurderinga om saken skal bli henvist til full behandling i lagmannsretten, eller om den ikkje vil kunna føra fram, og difor blir nekta fremma. I så fall ligg gjev retten en fyldig grunngjeving for avgjerda. I alt blei om lag to tredjedelar av innkomne anker nekta fremma i 2015.

Med ei behaldning på oppunder 90 henviste straffesaker ved inngangen til 2016, og sjansar for færre langvarige straffesaker i 2016, ser vi trass alt optimistisk på utsiktene framover. Når vi ser på 1. kvartal 2016 finn vi ut at berammingstida – tida frå ankesaka kjem inn til oss og fram til første dag i retten – er minkande. Det inneber at ventetida for dei som er involvert i saka blir kortare, noko som er ein stor føremon på alle vis. Vi har difor ein realistisk von om at vi skal få avvikla fleire straffesaker i 2016, og med kortare ventetid.

Arne Støle

INNKOMNE SAKER	2011	2012	2013	2014	2015
Anke over dom i sivile sak	428	391	390	423	417
Anke over orskurd/vedtak i sivile	340	282	291	320	351
Overskjønn	12	21	17	13	21
Lagrettesaker	74	55	55	57	61
Meddomsrett	126	127	94	86	96
Fagdommarsaker	68	59	77	70	41
Ankeprøving	614	574	568	519	559
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	712	706	695	672	603
AVGJORTE SAKER	2011	2012	2013	2014	2015
Anke over dom i sivile sak	413	408	402	429	446
Anke over orskurd/vedtak i sivile	341	277	297	300	375
Overskjønn	19	12	22	18	17
Lagrettesaker	65	64	62	59	53
Meddomsrett	130	131	135	95	91
Fagdommarsaker	76	75	80	81	42
Ankeprøving	638	570	564	520	555
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	639	570	570	670	601
BEHALDNING	2011	2012	2013	2014	2015
Anke over dom i sivile sak	257	241	229	221	188
Anke over orskurd/vedtak i sivile	37	42	34	54	32
Lagrettesaker	42	33	26	24	32
Meddomsrett	79	75	42	33	42
Fagdommarsaker	39	24	25	13	13
Ankeprøving	38	23	21	26	27
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	9	6	11	15	18
BEHANDLINGSTID (dagar)	2011	2012	2013	2014	2015
Anke over dom i sivile sak	213	250	205	204	179
Anke over orskurd/vedtak i sivile	53	51	51	47	51
Lagrettesaker	202	251	200	179	190
Meddomsrett	209	242	216	157	197
Fagdommarsaker	175	136	139	110	111
Ankeprøving	26	26	23	21	19
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	6	5	5	5	7

Farvel til jordskifteoverretten og på gjensyn...

Gulating jordskifteoverrett vart ved årsskiftet 2015/2016 slått saman med Gulating lagmannsrett. Dette som følgje av at ny jordskiftelov no har teke til å gjelda. Ei enklare og meir brukarvenleg ankeordning var eit av dei viktigaste punkta då mandatet for ny jordskiftelov vart utforma. Ei integrering av jordskifteoverrettane i lagmannsrettane vil etter vårt syn oppfylle desse forventningane.

Systemet for å anke avgjerder tekne av jordskifterettane har opp gjennom tida gjennomgått store endringar. Ankereglane i jordskiftelova frå 1859 var slik at det var den same jordskiftedomaren som hadde saka i 1. instans som handsama ankesaka. Denne dommaren hadde i tillegg med seg seks leddommarar. Dette kan verke som ei underleg ordning sett med dagens augo, men dette var ei akseptert ordning heilt fram til 1950. Då vart det tilsett eigne jordskifteoverdommarar som berre arbeidde med ankesaker og landet vart delt inn i 9 jordskiftedøme. Her i Gulating var det då ein jordskifteoverdommar i kvart fylke.

I 1992 vart det bestemt at jordskiftedøma skulle inndelast likt med lagdøma og Gulating jordskifteoverrett vart oppretta. Ein held likevel fram med ein jordskifteoverdommar i Førde (Sverre Øygard) og ein i Bergen (Ottar Fjellestad). Når jordskifteoverdommaren i Førde gjekk av med pensjon i 2003 vart det berre att ein jordskifteoverdommar i Gulating og den heldt til i Bergen.



Overretten i Gulating har dei siste åra hatt tre tilsette: Per Kåre Sky, jordskifteoverdommar, Catrine Liss Hoddevik, senioringeniør og Eva Innbjør, førstekonsulent.

Jordskifteoverdommaren har og vore leiar av retten og administrerer alle sakene som kjem inn til jordskifteoverretten. Per Kåre har vore jordskifteoverdommar i Gulating sidan 2003. For å vera jordskifteoverdommar må ein ha master i jordskifte. Tidlegare var dette berre mogeleg å oppnå på Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU). I år har også Høgskulen i Bergen fått godkjent eit masterstudie i jordskifte.

Senioringeniøren / utgreiaren har også master i jordskifte frå NMBU. Til denne stillinga er det mange oppgåver. Ei av desse er å førebu sakene som skal handsamast av overretten. Ei rettsendrande jordskiftesak kan ha mange partar og innehalde mange avgjerder knytt til endring av gjeldande eigedomstilhøve, verdsetjing, utrekningar og landmålingsteknisk arbeid. Utgreiaren sitt saksførebuande arbeid med sakene kan difor vere omfattande. Vidare er utgreiaren med på rettsmøta som overretten held, skriv protokoll og er med på å lage utkast

til avgjerd i saka. Vert resultatet i overretten at det skal gjerast endringar i jordskiftet, kan også utgreiaren få oppgåva med å setje ut dei nye grensene. Cathrine Liss Hoddevik har arbeidd i jordskifteoverretten sidan 2009.

Førstekonsulenten har ansvaret for det administrative og held orden på økonomi og rekneskap. Me er ein reisande domstol, så Eva Innbjør har også vore reisebyrået vårt. Ho har arbeidd i jordskifteoverretten sidan 1992.

Ankeordning i jordskiftesaker fram til no har vore tospora og så komplisert at sjølv me som arbeider med dette dagleg, tykkjer det er vanskeleg å avgjera om det er ein anke til lagmannsrett eller til jordskifteoverrett. Me ynskjer difor ny jordskiftelov velkomen og ser fram til å bli ein del av Gulating lagmannsrett.

Ei samanslåing av lagmannsrettane og jordskifteoverrettane vert ei spennande blanding. Me er likevel audmjuke i den forstand at me er klar over at jordskifteoverrettane er små og langmannsrettane er store. Ei samanslåing av to domstolar der skilnaden i storleik er så stor som i dette tilfellet, set store krav til dei som skal delta i ei slik prosess. Ein viktig suksessfaktor er også at dei to domstolane som skal slåast saman ynskjer dette. I Gulating er både lagmannsretten og jordskifteoverretten samde om at ei samanslåing vil gje ei betre ankeordning for brukarane av jordskiftedomstolane. Dei to domstolane har også hatt god kontakt i førebuinga av samanslåinga, og me har tru på at dette skal verta vellukka.

Å arbeida i jordskifteoverretten har både vore spanande og interessant. Gulating er eit fantastisk døme å arbeide i med varierende landskap og folkelynne. Me i jordskifteoverretten trur at det vert endå meir spennande og interessant å få arbeide i eit endå større kollegium i lagmannsretten og samstundes få reisa i vakre Gulating. Me i jordskifteoverretten er innstilte på å integrera oss i lagmannsretten slik at dei som ankar ei jordskiftesak skal få heile saka si handsama av lagmannsretten, men samstundes merka at lagmannsretten er styrka med kompetanse frå det som ein gong var jordskifteoverrettane.

Me seier difor farvel til jordskifteoverretten og på gjensyn i lagmannsretten.

Vidar Bergtun

Direkte fra retten i 113 dager



For første gang i lagmannsretten sin historie vart alle dokumenta lagt fram elektronisk. Dokumentmengda i saka var på nesten 50 000 sider og retten var innom ca. 5 000 av desse.

Rogalands Avis dekket innsidesaken med liveblogg. Journalist Tore Bruland kommer her med noen betraktninger fra saken, som varte i hele 113 rettsdager.

Tingrettsbehandlingen av saken varte i 68 rettsdager fordelt over fem måneder i retten. Saken ble tatt opp til doms i slutten av mai 2012. Ankesaken startet opp i Gulating lagmannsrett 2. september 2014, og siste rettsdag var 30. april 2015. Totalt ble den gjennomført med 113 rettsdager fordelt på åtte måneder.

Undertegnede har dekket saken i Rogalands Avis (RA) siden høsten 2008 og har vært til stede i retten daglig både i tingretten og i lagmannsretten.



Justisminister Anundsen og førstelagmann Elsheim
Foto T. Bruland

Saken er uten tvil blant de største straffesakene i norgeshistorien. Da snakker man ikke bare om tidsbruken, men også det enorme omfanget. Syv tiltalte har blitt representert med to forsvarere hver. Påtalemyndigheten har møtt med fire aktorer, samt politirevisorer og bisittere. Både i Stavanger tingrett og Gulating lagmannsrett ble retten satt med utvidet rett, og i sistnevnte var den styrket med blant annet to fagkyndige meddommere.

Saken omhandler innsidehandel, markedsmanipulasjon, brudd på meldepliktsbestemmelsen og andre overtredelser av verdipapirloven i en periode fra august 2004 fram til politiet aksjonerte mot Fred A. Ingebrigtsen og flere av de medtiltalte 16. august 2008. Dokumentmaterialet i saken er enormt. Da saken gikk i Stavanger tingrett ble hver enkelt aktør utstyrt med hele 31 permer hver, som inneholdt sakens dokumenter. I den forbindelse lagde RA nyordet «perming», som kort og godt betyr at det blas det i permer for å finne fram til det rette dokumentet, noe som ikke alltid viste seg å være like enkelt.

Gulating lagmannsrett gikk saken som en såkalt digital straffesak, der alle sakens dokumenter var digitaliserte. Samtlige aktører var utstyrt med egne pc-er. I tillegg ble aktuelle dokumenter

vist på slaveskjermer, som ble styrt av bisittere fra politiet. Opplegget fungerte fabelaktig bra, ikke minst med tanke på effektivisering og tidsbruk.

Fra et journalistisk perspektiv fungerte det også svært bra. Undertegnede har skrevet såkalt liveblogg fra begge rettsrundene. Det handler om å prøve å gjengi det som blir sagt, hva det snakkes om og hva som skjer i rettssalen, noe som kan være en krevende øvelse i en så omfattende og komplisert sak som dette. Det at også mediene har fått tilgang til de samme slaveskjermene som resten av aktørene gjør det mye enklere å følge med på det som skjer.

For undertegnede har det blitt 13 måneder og totalt 181 dager i retten fordelt på to perioder. Begge ganger har to lyseblå stoler vært kontoret mitt; én til å sitte på og én til å ha tingene mine på.

Da ankebehandlingen av innsidesaken skulle opp var vi usikre på hvordan vi skulle løse dette. Med tanke på at vi er en liten redaksjon var det på mange måter råflott å plassere én på fulltid i saken. Vi løste det ved å starte opp og se hvordan det gikk.

Fra tingrettens behandling visste vi at det var stor interesse for saken blant folk, og mindre skulle det ikke bli i lagmannsretten. Med verktøy til å måle trafikken på nettstedet til avisen så vi at det fra starten av var relativt mange lesere inne. I lagmannsretten valgte Ingebrigtsens tidligere svoger, Kåre Nilsen å komme med en tilståelse. Det førte til stor dramatikk og en enorm interesse for saken blant publikum. Fra høsten 2014 til hovedforhandlingen ble avsluttet var den daglige livebloggen fra saken ofte vår mest leste sak på nett.

Hvordan er det å sitte dag etter dag i retten i 113 dager med en bærbar pc på fanget og skrive hva som skjer og hva som blir sagt i sanntid? Svaret er at det både er en krevende og en spennende øvelse. Krevende fordi at du sitter vondt, det er vondt å sitte over så lang tid, du blir sliten i skuldrene av å skrive så mye. Et gjennomsnittlig dagsreferat tilsvarer en størrelse på godt over tjue A4-sider. Det betyr at pausene må brukes godt til å bevege seg, samt andre tiltak som sørger for at ryggen er sånn noenlunde på plass. Saken er også krevende fordi at du må følge med på alt som blir sagt og vist på skjermene. Samtidig er skjermene til stor hjelp for å kunne følge med, slik at saken kunne bli formidlet til leserne våre. Fra et journalistisk perspektiv er også skjermene et svært nyttig redskap med tanke på at en kan være ørlite i forkant når det gjelder det som skrives på livebloggen.

Jeg har jobbet med innsidesaken som journalist i over syv år. Uten å gå inn på sakens detaljer, er det uten tvil en av de mest spennende sakene jeg har dekket noensinne, ikke minst med tanke på sakens karakter, kompleksiteten, persongalleriet og det å få muligheten til å gå så dypt inn i en sak som jeg har fått lov til å gjøre.

Tore Bruland

Kompetanseutvikling i 2015

Den overordna målsettinga for arbeidet i Gulating lagmannsrett er kvalitet i alle ledd. Kvalitet føreset at alle medarbeidarane har dei kunnskapane, haldningane og ferdigheitane som er naudsynt for å gjera arbeidet på ein god måte. Dette krevst for at domstolane i framtida skal halda oppe den høge tilliten me har i befolkninga.



Ved inngangen til 2015 gjekk me i gang med å utforma ein ny kompetansestrategi for åra fram til 2020. Arbeidet vart slutført i løpet av våren. Den nye strategien legg større vekt på målretting av dei einskilte tiltaka inn mot behova til lagmannsretten. Vidare vert det i større grad lagt vekt på individuelle tiltak ut frå den einskilte sitt behov. Utviklingssamtalar er ein sentral arena for avdekking av desse behova. I høve til

saksbehandlarane er det som resultat av strategien sett kompetansekrav til stillingane. Kompetansekrava vil danna grunnlaget for dialogen i utviklingssamtalen om moglege tiltak for medarbeidaren. Det blir spanande å sjå korleis dette vil fungera.

Som eit resultat av strategien er det oppretta to fagutval, eit for strafferett og straffeprosess, og eit for sivilprosess. Dommarane og utgreiarane er representert i utvala. I løpet av hausten er vi komne i gang med faglunsjar der utvala presenterar aktuelle tema som vert diskutert. Dette har fungert godt. For saksbehandlarane er sekretariatsmøta kvar veke ein viktig arena for fagleg påfyll. Utgreiarane har og møte kvar veke der ulike faglege spørsmål blir drøfta.

Ein viktig del av kompetanseutviklinga er framleis fagdagane. Innholdsmessig har fagdagane i 2015 vore konsentrert rundt emna serviceutvikling og møte med publikum, ny straffelov og ny jordskiftelov, og den nye digitale røyndommen. I år er det gjennomført sju slike dagar, inklusiv Gulatingseminaret. Stikkordmessig har innhaldet vore slik:

Dato	Kven	Tema
17.04	Saksbehandlarane	Etikk i arbeidskvardagen – kvar går grensa. Fokus på etiske dilemma og bevisst tilhøve til kva ein kan ytra seg om og korleis ein opptrer.
17.04	Dommarane	Opplæring i ny straffelov.
8.-9.06	Saksbehandlarane	Serviceseminar, korleis møter vi publikum.
8.-9.06	Dommarane	Dommarseminar i sentral regi, tema som språk i dommar, bruk av sakkyndige, dommaradferd i retten, bevishandtering og fleirkulturelle utfordringar.
18.09	Utrederne	Lovdatakurs.
15.10. 16.10	Alle	Gulatingseminar på Hardingasete i Hardanger digitale ankeførehavingar og bruk av IKT i domstolane i framtida, sikkerheit og beredskap, korleis takla truande hendingar, førebuing til integrasjon av jordskifteoverretten i lagmannsretten.
30.10	Dommarane og utrederne	Barn i domstolen. Handsaming av barnefordelingssaker i domstolane. Felles tiltak med tingrettane i Bergen og advokatforeninga.
30.10	saksbehandlarane	Opplæring i ny straffelov, og innblikk i korleis Norge bidreg til rettsutvikling i utlandet.
20. 10	Alle	Innføring i ny jordskiftelov med særleg vekt på ny ankeordning.

Det er utvikla malar for plan for mottak og opplæring av nye medarbeidarar. Malane er tilpassa dei ulike medarbeidargrubbene, og kvar gang vi får ein ny medarbeidar skal det lagast ein individuell plan for vedkommande. Dette er eit vesentleg bidrag til ein systematisk og føreseieleg opplæring av den einskilde.

Som eit ledd i den individuelle kompetanseutviklinga har sju dommarar hatt ein månad studiepermisjon i løpet av året:

Birger Stedal	Fordjupning i jordskifteretten si behandling av sakene.
Haakon Meyer	Oppdatering i sivilprosess
Margareth Christophersen	Born i rettergang, med fokus på korleis gjeldande regelverk ivaretek bornas interesser i sivile saker og straffesaker.
Jon Atle Njøsen	Studie av amerikansk straffeprosess, særleg med fokus på bruk av særdomstolar.
Vigdis Bygstad	Borns rolle i rettssystemet, herunder bruk av sakkyndige og handsaming av born som vitnar.
Wiggo St. Larssen	Studie av ankeordninga i England og Irland
Arne Henriksen	Leiing av kunnskapsmedarbeidarar, særleg med tanke på motivasjon

Permisjonen har vore eit verdfullt påfyll for den einskilde. Den kunnskapen som er tilført i permisjonen er i ulik grad formidla vidare til kollegaene i lagmannsretten. Her er det rom for forbetring. Det skapte problem i høve til saksavviklinga at fleire dommarar ønskte permisjon samstundes. For framtida vil det bli lagt større vekt på at permisjonane må spreiaast over heile året.

Frå august vart utgreiargruppa utvida frå to til fem medarbeidarar. Utgreiarane har ulik bakgrunn og røynsle med å skriva rettslege avgjerder. Under leiing av Arne Fanebust har utgreiarane hatt fleire samlingar i haust der utforming av avgjerder har vore tema. Dette ser vi gode resultat av.

For nokre oppgåver har vi oppnemnt ressurspersonar som skal skaffa seg ein særleg kompetanse på feltet, og som kan hjelpa kollegar og følgja opp rutinar. Dette er:

Vitne, koordinering av vitnestøtte	Helga og Linda
Meddommarar	Hjørdis og Henriette L.
Tolkar, oppnemning og tilrettelegging ved ankeførehaving	Wibecke og Alice
Mottak av skoleklasser	Tonje, Ingeborg, Per og Henriette H.

De nemnde områda inngår i ein større plan for serviceutvikling i lagmannsretten som vert ferdig i desse dagar.

I tillegg til dei interne aktivitetane deltek fleire av dommarane våre på seminar og kurs arrangert i sentral regi. Tiltaka er gjennomgåande av god kvalitet, og er eit viktig supplement til den kompetanseutviklinga som skjer lokalt.

Vi har og innleidd eit samarbeid med Juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen. Samarbeidet inneber mellom anna at det er oppretta kontakt med University of Minnesota Law School med sikte på å leggja til rette for at dommarar frå Norge kan ha opphald der under studiepermisjonen. Vidare får fagutvala våre høve til å delta på forskargruppemøte på fakultetet.

Kompetanseutvikling kostar meir tid enn pengar. Det går med mykje tid som kunne ha vore nytta til å handsama saker. Vi er overtydd om at det er heilt naudsynt å prioritera dette arbeidet viss domstolane over tid skal vera i stand til å fylla sin viktige rolle i samfunnet, og halda oppe den høge tilliten i befolkninga.

Arne Henriksen

Vitnestøtter aukar rettstryggleiken. Et trygt vitne er eit godt vitne!

I mai i år starta vi opp att med vitnestøtteordning i Gulating lagmannsrett. Ressurspersonane våre på området, Linda Moen og Helga Herfindal, hadde på førehand innreidd eit fint og funksjonelt rom til føremålet. Vitnestøttene vi har knytt til oss er frivillige personar frå Raude Kross. Dei har fått opplæring i ei rolle der dei skal vera faktaformidlarar og støttepersonar. Vitnestøtta opptrer uavhengig av partar, aktørar og andre som på ein eller annan måte er involvert i handsaminga av rettsaka. Mange vert urolege og utrygge av å bli innkalla som vitne, og undersøkingar syner at opplevinga er like tyngjande når dei møter under ankebehandlinga som når dei møter i tingretten. Vitnestøtta sin jobb er då å gje medmenneskeleg støtte, informasjon og rettleiing. Vitna rapporterer at dei opplever det verdifullt å bli tatt i mot på ein god måte, og å få rettleiing før dei skal gje forklaring. Dei kjenner seg sett og opplever at dei vert ivaretekne.



Frå mai til desember hadde vi ni aktive vitnestøtter i vår pool og dei ytte hjelp til omlag 100 vitne i perioden. Vi arrangerte to samlingar for vitnestøtter i Bergen i 2015, då i samarbeid med Nordhordland og Bergen tingrett. I mai hadde vi ei kveldssamling der førstelagmannen orienterte om lagmannsretten. I desember inviterte vi til julelunsj. Begge tilskipingane hadde god oppslutnad og vart godt motteke. I februar 2016 skal vi halde kurs for nye

vitnestøtter i samarbeid med Raude Kross, med 30 påmelde.

Vi skal arbeida vidare med å forbetra servicen vår mot vitna i året som kjem. Vitna melder at dei har behov for meir og betre informasjon. Dei opplever det særleg tyngjande å venta lenge før dei får gje forklaring. Mange rapporterer at dei har behov for skjerming både før, under og etter rettsmøtet. På landsbasis ventar 60 % av alle vitna i inntil 2 timar, 10 % ventar i 3 timar eller meir. Skjerming av vitna og varsling om ventetid er område vi må jobba med. Utvikling av elektroniske tenester vil vonleg kunne gje moglegheit for nye løysningar, som varsling om ventetid på sms.

Vitnestøtte er eit viktig verkemiddel for oss, først og fremst av omsyn til vitna sjølve, men og for å auka rettstryggleiken og servicen vår ut mot vitna. Vitnestøtteverksemda har medverka til å heva servicenivået vårt og kvaliteten på servicen.



Vi skal møte alle brukargruppene våre på ein profesjonell måte og gje service av høg kvalitet. Domstolane nyt stor tillit i folket. Brukarane si oppfatning av domstolen vert påverka av korleis dei opplever møte med medarbeidarane der. Opplevinga av god service vert til i møtepunkta mellom brukarane og dei som arbeider i domstolen. Vi opplever at servicekravet til oss er aukande. Den enkelte brukar møter oss med stadig høgare forventningar om å få god service. For å kunna innfri forventningane, må vi ha fokus på at brukarane må vera nøgde og oppleve kvalitet. Servicearbeid må inngå som ein systematisk del av tenestene vi utfører mot vitna og dei andre brukargruppene våre.

Henriette Hinna

Ny juridisk utgreiingseining i Gulating lagmannsrett

Etter å ha hatt to utgreiarar tilsett sidan oktober 2011, først i toårig prøvestilling og deretter i fast stilling, vedtok leiinga i Gulating lagmannsrett våren 2015 å etablere ei utgreiingseining frå august 2015. I samband med dette, vart det i løpet av våren 2015 tilsett tre nye utgreiarar.

Samstundes med at leiinga vedtok å etablere den nye utgreiingseininga, vart det også vedteke å slå saman det tidlegare sivilutvalet og straffeutvalet til eitt utval, og at arbeidet i utgreiingseininga i all hovudsak skulle knytast opp mot arbeidet i utvalet.

Frå 17. august 2015 tok arbeidet i det nye utvalet og utgreiingseininga til. Utgreiingseininga arbeidar i all hovudsak for domarane som til ei kvar tid sit i utvalet. Utvalet er sett saman av seks domarar, tre frå kvar avdeling. Utvalet handsamar følgjande saker:

anke over orskurd og vedtak i straffesaker, til dømes fengslingssaker
anke over dom i straffesak (siling)
anke over dom i sivile saker, med saksførebuing av desse sakene
anke over orskurd og vedtak i sivile saker.

Utgreiarane har som hovudarbeidsoppgåve å handsama anker over orskurd og vedtak i sivile saker, med det føremål å utarbeida utkast til endeleg avgjerd i desse sakene. Dersom utgreiarane har ledig kapasitet, hjelper dei og til med andre oppgåver, som til dømes å skriva nekting av fremjing av anke over sivil dom, jf. tvistelova § 29-13 og til å skriva utkast til dom i medhald av straffeprosesslova § 322. I tillegg ligg det til utgreiarane å rettleie sjølvprosederande partar, og å utarbeida anke til Høgsterett over lagmannsretten sine avgjerder. Utgreiarane er også representert i lagmannsretten sine faggrupper i sivilprosess og straffeprosess.

For arbeidet i utgreiingseininga er det utarbeida retningslinjer.

Leiar for utgreiingseininga:

Marie Trovåg (41)

Trovåg er cand.jur. frå Universitetet i Bergen i 2000. Ho tok til i stillinga som utgreiar då denne vart oppretta som ei prøvestilling i oktober 2011. Ved etableringa av den nye utgreiingseininga gjekk ho inn som leiar for eininga. Trovåg er med i lagmannsretten si faggruppe i sivilprosess, og sit også i kompetanseutvalet. Ho har tidlegare mellom anna vore utgreiar i Høgsterett, arbeidd som advokat hos Kommuneadvokaten i Bergen, vore domarfullmektig og rådgjevar/seniorrådgjevar i Konkurransetilsynet og i sekretariatet til Klagenemnda for offentlige anskaffelser (Kofa).

Utgreiarar:

Katrine Engelsingjerd Eikestad (37)

Eikestad er cand. jur. frå Universitetet i Bergen i 2005. Ho starta i stillinga som utgreiar i mars 2015, og er mellom anna medlem i lagmannsretten sitt fagutval for strafferett og straffeprosess. Ho har tidlegare arbeidd som politiadvokat i Hordaland politidistrikt, vore domarfullmektig, rådgjevar i Konkurransetilsynet i Bergen og vitskapleg assistent på Juridisk Fakultet ved Universitetet i Bergen.

Linn Tordal Halvorsen (35)

Linn Tordal Halvorsen er cand.jur. frå Universitetet i Bergen i 2005. Ho tok til i stillinga som utgreiar i august 2015. Ho har tidligare arbeidd i sekretariatet til Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA), og vore seniorrådgjevar i Helse- og omsorgsdepartementet og Konkurransetilsynet.

Marianne Brynjulfsen Overaa (35)

Marianne Brynjulfsen Overaa er cand.jur. frå Universitetet i Bergen i 2005. Ho tok til i stillinga som utgreiar i august 2015. Ho har tidlegare arbeidd som advokat i EY (tidlegare Ernst & Young) i Bergen, og vore domarfullmektig ved Bergen tingrett.

Therese Kongsvik (30) (Permisjon)

Therese Kongsvik er cand.jur. frå Universitetet i Bergen. Ho tok til i stillinga som utgreiar i 2013. Ho har tidlegare arbeidd som advokatfullmektig i Advokatfirmaet Stiegler i Bergen. Ho har permisjon frå stillinga som utgreiar, og er no domarfullmektig ved Bergen tingrett.

Ingeborg Tveit (33) (Vikar)

Ingeborg Tveit har master i rettsvitskap frå Universitetet i Bergen i 2007. Ho tok til i stillinga som utgreiar i juni 2015. Tidlegare har Tveit arbeidd som advokat i Kluge Advokatfirma og som rådgjevar i Konkurransetilsynet.

Marie Trovåg



Foto: Tore Letvik

Gulating lagdøme

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan vårt lokale i Bergen, har vi og kontor og rettslokale i Stavanger, Haugesund, Førde og Nordfjordeid.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2015 til saman 108 6829 innbyggjarar, som fordelte seg slik på dei tre fylka:

Rogaland	466 302
Hordaland	511 357
Sogn og Fjordane	109 170

I dei tre fylka er det til saman 86 kommunar, og i Gulating lagdøme er det 10 førsteinstans-domstolar:

- Bergen tingrett
- Stavanger tingrett
- Dalane tingrett
- Jæren tingrett
- Hardanger tingrett
- Haugaland tingrett
- Sunnhordland tingrett
- Nordhordland tingrett
- Sogn tingrett
- Fjordane tingrett

Lagmannsretten er ankeinstans for saksbehandling og rettsbruk i Gulating jordskifteoverrett. Gulating lagmannsrett er også ankeinstans for følgjande jordskifteoverrettar:


- Sør-Rogaland jordskifterett
- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Lista Jordskifterett
- Nord- og Midhordland jordskifterett
- Indre Hordaland jordskifterett
- Indre Sogn jordskifterett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Nordfjord jordskifterett

Kart over lagdømet:

Tingrettane i lagdømet



Jordskifterettane i lagdømet



Organiseringa av Gulating lagmannsrett

Lagmannsretten vert leia av førstelagmannen, som saman med avdelingslagmennene og administrasjonssjefen har ansvar for den daglege drifta. Dommarane er organisert i to avdelingar, leia av kvar sin avdelingslagmann. Til kvar avdeling er det knytt ein avdelingskonsulent. I tillegg har lagmannsretten ei juridisk utgreiingseining, under leiing av ein utgreiarleiar. Saksbehandlarane er organisert i eit sekretariat, under leiing av ein sekretariatsleiar. I tillegg har lagmannsretten ymse stabs- og støttefunksjonar.

Leiargruppa i Gulating har vore:

- Førstelagmann Magni Elsheim
- Avdelingslagmann Marin Tenold
- Avdelingslagmann Arne Henriksen
- Administrasjonssjef Arne Støle

Dommarar avdeling 1

Martin Tenold
Hanne Sofie Greve
Jan Erik Erstad
Stig Sjong
Rannveig Sjøvoll
Carl Petter Martinsen
Rolf Strøm
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo
Bjørn Lillebergen
Ole-Arne Linga
Jarle Golten Smørdal
Per J. Jordal
Torstein Frantzen
Grethe Strandborg
Gro Berge

Dommarar avdeling 2

Arne Henriksen
Rune Voll
Ørnulf Jacobsen
Daniel Lunde
Håvard Romarheim
Ellen Midtgaard
Arne Fanebust
Jon Atle Njøs
Guri Elisabeth Molven
Wiggo Storhaug Larssen
Margreth Christophersen
Nina Cath. Noss
Birger Stedal
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathen
Kai Ove Roseth

Konstituerte dommarar:

Ingrid Kjeldstad Gullaksen frå 12.10.2015 til og med 18.12.2015.

Marianne Kirkeleit frå 15.09.15 til og med 15.12.15

Avdelingskonsulentar:

Avdeling 1: Gunvor Knudsen

Avdeling 2: Inger Røyrbotten Låstad

Juridiske utgreiarar:

- Marie Trovåg (leiar)
- Kathrine Engelskjerd Eikestad
- Marianne Brynjulfsen Overaa
- Linn Tordal Halvorsen
- Ingeborg Tveit
- Therese Kongsvik (permisjon)

Sekretariat:

Henriette Hinna(leiar)

Saksbehandlarar:

Arnhild Bø

Lena Osberg Fauskanger

Veronika Iversen

Wenche Lund

Tonje Olsnes

Wibecke Søråas Onarheim

Line Liebrecht Steffensen

Katharina Kongevold (vikar)

Eva Ingunn Fauskanger

Helga Herfindal

Henriette Bergli Lillestøl

Linda Mjaatvedt Moen

Alice Hatlelid Opdahl

Hjørdis Skogen

Hildur Engeland Staalesen

Rekneskap/fellestenesta:

Line Djupvik Andersen

Sara Camilla Deisz

Jostein Hordvik

Janicke K. Vognstølen

Ragnhild Bull

Wenche Haarvig Endregaard

Cornelia Helén Ohr

Rettsbetjentar:

Reidar Borlaug

Terje Fossedal

Terje Olav Høiland

Edvard Natvig

Karl Fagerlund

Thor-Magne Haugen

Ove Johannessen

Bjørn Norbeck

I tillegg til faste og konstituerte dommarar nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar. I 2015 har desse **ekstraordinære dommarane** gjort teneste:

Astrid Lærdal Frøseth
Arne Landmark
Elisabeth Løseth
Ivar Oftedahl
Øyvind Smukkestad
Steinar Trovåg

Jon Høyland
Helge Lillebø
Ove Midttun
Jostein W. Rovik
Bjørn Solbakken
Walter Wangberg

Ressursgruppedommarar:

Per Magne Isaksen
Jørn Ree
Christian Wyller

Hans Hugo Kristoffersen
Gunnar Steintveit

Ikt og sikkerhet:

Sikkerhetssjef: Espen Ask Husby
Sju tilsette

Vikarpool:

Vi har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarane:

- Marie Linga Slåke
- Elisa Eichstetter
- Ingrid Løken Kallelid

Slutta i 2015:

Lagdommar Ellen Midtgaard
Saksbehandlar Ragnhild Bull

Utnemnd /tilsett i 2015:

Førstelagmann Magni Elsheim
Juridisk utgreiar Kathrine Engelskjerd Eikestad
Juridisk utgreiar Marianne Brynjulfsen Overaa
Juridisk utgreiar Linn Tordal Halvorsen
Juridisk utgreiar Ingeborg Tveit (vikar)
Saksbehandlar Alice Hatlelid Opdahl
Rettsbetjent Reidar Borlaug